

Teigdalen

TROLLURI

Det er ikkje rart at det knyter seg fleire segner til ei så stor og wanleg steinur som den vi finn ved LANGELAND, øvst i Teigdalen. Her skal folk ha vorte bergtekne og ha kome ut att og fortalt korleis huldrefolket hadde det. Her skal òg tjuvpakk i gamle dagar ha gøymt både seg og skattane dei hadde stole.

Nord for Evanger skjer ei nord-sørvend fjellglippe, Teigdalen, seg ned i fjellheimen. Vossadalføret med Vosso i munningen av Teigdalen grev seg mest heilt ned til havnivået, Evangervatnet ligg berre 10 meter over havet. Det har gitt Teigdalselvi kraft til å grava seg nesten like djupt ned. Isbreane under den siste istida gjekk stort sett mot vest, altså tvers over dalen. Derfor er det nok elva som har gjort det meste av gravarbeidet. Dei bratte dalsidene i den djupe V-dalen er òg årsak til store og små fjellskred.

Bergarten i Trolluri er granitt, som òg står i det faste fjellet på vestsida av dalen. På austsida er det derimot glimmerhaldig gneis. Forma på ura peikar òg på at ho har kome frå vest. Ho må ha sett utfor som eitt stort ras, slik som Hellandsura i Modalen (®429).

Skredet ved Langeland har løyst ut stor nok energi til at kjempeblokker på fleire hundre kubikkmeter har halde fram ut over den flate dalbotnen. Skredmassane er 70 meter høge og har eit volum på 2-3 millionar m³. Dei fleste slike store skred gjekk truleg rett etter istida, som tok slutt for knapt 11 000 år sidan. Dei bratte fjellsidene som kom fram då breen forsvann, vart utsette for vatn, vind og frost. Fjellet vart då ustabil, med fjellskred og steinsprang som følgje.

Trolluri verkar som ei demning for Teigdalselvi, og har tvinga henne over mot den austlege dalsida. På oversida av ura har derfor elva forgreina seg og har danna øyar mellom rolege fiskehølar. På nedsida av ura renn elva attende til vestsida og gir plass til Langelandsgardane, med flate slåttenger på elvesletta langt nedetter dalen. Det skal vera mogleg å ta seg fram inne i sjølve ura. Her går ein som i ein labyrinth, utan å sjå dagslys.



Den mektige ura ved garden Langeland. (Svein Nord)

EDELLAUVSKOGEN I FADNESSKARET

Like nord for den nedste brua i Teigdalen ligg FADNESSKARET. Dalsida ligg utsett til for kald luft som kjem ned dalen - faren for tidleg nattefrost om hausten er derfor stor. Når dalsidene i tillegg ikkje vender rett mot sør, takkar mange av dei mest varmekjære edellauvtree nei. Rett nok finst einskilde store tre av lind, alm og ask som har funne fotfeste i den bratte lia. Men først og fremst er det gråora som får rå grunnen - eit tre som er svært utbreitt i Teigdalen, saman med bassel og begg.

I skogen veks hardføre artar, som kvitsoleie og strutsveg, medan ramslauk og ei rekkje andre planter typiske for kysten vantar. Avstanden til kyst og fjord gir såleis denne edellauvskogen eit innlandspreg.



blankstorke-
nebb
firblad
junker-
bregne
kranskonvall
kvitsoleie
maigull
myske
piggstorr
skogvikke
springfrø
storklokke
strutsveg
tannrot
trollbær
trollurt



Svein Nord